



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

*... med auge for framtida!*

Til Hardangerkommunane  
Kopi til Ordførarane

## **Uttale frå Hardanger Ungdomsråd 9.2.2017 i Kinsarvik**

*Særutskrift*

**HU-sak 03/17                    Uttale til skulehelsetenesta i Hardanger**

**Vedtak:**

### **Ei kort påminning om kvifor skulehelsetenesta er viktig**

Som ungdom kjenner me på press i frå alle kantar. Ein skal gjere sitt beste på skulen, vere med på fleire fritidsaktivitetar og ha tid til vene og familie. Ofte kan ein ha ei kjensle av at ein ikkje strekker til eller at det er noko innvendig som plagar ein. Uheldigvis er det ikkje slik at alle har nokon dei stoler på og kan snakke med, som ein lærar eller ein venn, og det er ikkje alt ein vil snakke med foreldra sine om.

**Psykisk helse** blant ungdom er eit omdiskutert tema, og personar som har psykiske plager vil sjeldan at andre skal vite om det. Fleire av desse plagene kan ein ikkje direkte sjå på vedkommande. Psykiske plager kan mellom anna vere angst og depresjon, åtferdsproblem, sjølvskading eller spiseforstyrrelse. Desse plagene går ut over meistring og læringsmiljøet til barn og unge. Derfor er det viktig at det blir teke tak i og prøvd å gjere noko med. For at ein skal kunne gjere noko med det må ein person med slike psykiske plager fortelje det til nokon. Der kan helsesøster på skule eller helsestasjon vere ein god støttespelar.

I frå eigne erfaringar har **helsesøster** vore med å forbetra klassemiljø, mange har brukt helsesøster flittig for å snakke om ulike problem. Ein treng sjølvsagt ikkje ha psykiske plager for å gå til helsesøster. Helsesøster kan hjelpe til med så mangt! Barn og unge treng ein plass dei kan gå til om dei har eit behov for å snakke med nokon om det dei har på hjarta.

Helsestasjon og helsesøstre har ikkje berre i oppgåve å snakke med barn og unge. Nokre av dei andre arbeidsoppgåvene deira er blant anna å gje vaksine eller utføra barnekontrollar. Dette er også viktige tilbod som ein ikkje må gløyme, og særskilt viktig er det at alle desse tilboda ein helsestasjon har, vert ivareteke og forbetra.

*I «Forskrift om kommunens helsefremmede og forebyggende arbeid i helsestansjons- og skolehelsetjenen» §1-1 om formål heiter det at; Formålet med forskriften er gjennom helsestansjons- og skolehelsetjenesten å:*

- a) *fremme psykisk og fysisk helse*
- b) *fremme gode sosiale og miljømessige forhold,*
- c) *forebygge sykdommer og skader.*

Det må aldri gløymast. Sjølv om tilbodet fleire plasser er bra slik det er i dag, må det aldri vere ein tanke å redusere tilbodet.

Hardanger Ungdomsråd oppmodar kvar kommune i Hardanger til å informera alle elevar om helsesøstertilbodet i eigen kommune.

**Kinsarvik 10.2.2017**

**Hjarteleg helsing  
Hardanger Ungdomsråd**

Trude L. Rinaldo  
Konsulent Hardangerrådet iks / Sekretær Hardanger Ungdomsråd  
Hardangerrådet iks signerar digitalt